



Eidsvik hadde stort underskot i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Eidsvik Skipsbyggeri hadde eit svært dårleg år økonomisk sett i fjor, skriv Grenda med Finansavisen som kjelde. Det går fram av ein oversikt i avisa at verftet i 2007 fekk eit driftsresultat på minus 30,8 millionar kroner.**

Omsetnaden enda på 136,7 millioner, som ifølgje avisa var ein auke på 303,8 prosent.

I 2006 var det eit underskot på 4,5 millionar medan det var eit overskot på 1,6 millionar i 2005.

Ved utgongen av 2006 hadde verksemda ein eigenkapital på 18.131.000 kroner, men med eit underskot på kring 30 millionar i 2007 er såleis eigenkapitalen no tapt.

Dagleg leiar Svein Arne Eidsvik ynskjer ikkje å uttala seg til Grenda om bedrifta sin rekneskap.